

Tre seglbåtar frå Uskedalen i hamn på Shetland.

11.06.2017



May Lis og Christian Stensletten med katamaranen sin (t.h.) i Beinavikjø. No er dei trygt i hamn i Lervick på Shetland. (Arkivfoto)

Den tredje seglbåten med May Lis og Christian Stensletten kom til Lervick på Shetland seint fredag kveld etter å ha kryssa Nordsjøen på 26 timar. Til vanleg tek turen frå kyst til kyst mellom 30 og 40 timar. Katamaranen til Stensletten er ein god og stabil seglar på 38 fot. I dag ligg det såleis tre seglbåtar frå Uskedalen inne i Lervick hamn. I skrivande stund har VILJA med Reidar Myklebust, Kåre K. Rød og Leif Jarle Bergstø løyst tamp og lagt ut på ein mindre tur på nord langs kysten av hovudøya Mainland.

På telefon frå Shetland fortel Christian Stensletten til Uskedalen.no at turen gjekk kjapt og etter oppsett program. Med avgang frå Uskedalen torsdag kl. 17 var ein klar for Nordsjøen ut frå Slåtterøy fyr i 22 tida på kvelden. Med storsegl og spinnakker oppe heldt katamaranen ein snittfart på 10 knop. Stensletten har med eit mannskap på tre.

Det er historisk at det ligg tre seglfarty frå Uskedalen inne i hamna på Lervick på same tid. FATUHIVA og VILJA ligg i indre hamn, mens Stensletten ligg tett ved. May Lis og Christian har vore på segltur til Shetland to gonger før, i 2009 og 2010. I tillegg til det har dei segla gjennom kanalen frå Ivernes, via innsjøen Loch Ness til Fort Wiliam og øyane ved Hebridene. Stensletten har også vore på fleire turar til Danmark og Sverige.

Bjarne Lilleaas og hans mannskap på FATUHIVA legg truleg heimturen via den vesle øya i havet, Fair Isle. Mannskapet på VILJA legg turen rundt øya og stoppar i Scalloway, der ein vil møte Magne Huglen på tysdag. Han reiser over med fly og vil vera saman med uskedelingane nokre dagar.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal